

Post i postkassen 2 og 3 dagar i veka.

18.07.2020



Postboden på uskedalsruta i denne veka, Kristian Djuve. Her legg han brevpost og reklame i postkassane i Skårhaug.

**Frå 7. juli la Posten om rutinane for levering av brevpost og reklame i postkassane. I denne veka fekk kundane posten måndag - onsdag og fredag. I neste veke er leveringa på tysdag og torsdag. Ordninga gjeld for dei som har postkasse, ikkje for dei med postboks på SPAR. Her vert det framleis levert brevpost og reklame kvar dag.**

Uskedalen.no møter postboden, Kristian Djuve, på ruta i Uskedalen på Skårhaug. Han trur ordninga vil fungera fint. På infoarket til husstandane les vi at posta brev vil vera framme hos mottakaren innan to til tre dagar. Det er om lag slik det er i dag. Dei færreste vil merka endringane. Det er framleis høve til å senda brev fem dagar i veka.

Nytt er det at Posten vil montera pakkeboksar på 1000 utvalde plassar i landet. Det vert gjort fordi netthandelen har auka kraftig. Større pakkevolum krev dertil eigna boksar for mottak. Boksaner kan nyttast heile døgeret. Pakkane vert henta ved hjelp av app på mobilen din. Pakkar kan sendast og hentast i boksen din. Pakkar kan også etter eige ønskje leverast på døra.

Då er det berre å hugsa at i neste veke kjem postboden tysdag og torsdag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal